



**STYREMØTE, 21. juni 2014 kl. 1000-1100**

**STAD: Vika velferdssenter**

Tilstades: Britt-Mari Sletto, Grethe Larsgard Rudningen. Forfall: Kåre Olav Solhjell og Elisabeth Aaker (begge hadde sagt frå i god tid)

Eva Almhjell (ref. 21.6.14)

Sak	Tema	Oppfølging
1.	Gjennomgang av dagsorden for årsmøtet.	Ingen merknader
2.	<p>Siste nytt:</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>- 25 x av CD-ar "Per Sjølv" med Arne Skogheim som opplesar funne hjå Hallibakken. 10 x gjort klar for sal under årsmøtet. Medlemspris kr. 200.-. Resten av restopplaget legg vi ut til sal i bokhandlarane på Ål og Geilo til 250 kr. pr. pakke á 6 CD-ar.</li> <li>- Grethe tok i mot Karin og Anders Bull i pinsa saman med Teresa Kaupang. Karin Bull hadde med eit ølkrus som i si tid sto i Olav Sletto-heimen. Eit skriv frå Karin Bull med kruset si historie ligg inni. Kruset er no plassert i Olav Sletto-rommet. Gava er gitt etter ynskje frå Irene Muri, yngste dotter til Olav og Karin Sletto. Karin fekk PER GJETAR i gave, og melder positivt attende både på tekst og illustrasjonar. Ho ynskjer seg fleire bøker av same slaget frå Per-serien. Bulls kjende seg veldig godt motteken.</li> <li>- Eva har helde fleire foredrag (Hemsedal, Gol, Geilo) om Anne-artikkelen. Sist 18.6.14 i Geilo kulturkyrkje. Inngangspengar, kr. 100 pr. person, gjekk uavkorta til OSS. Det møtte omkring 26 publikummera. PER GJETAR (framført i Hovet og Hemsedal – bestilling frå Nes til hausten) blir litt dramatisert, og Brit Kaupang er med som Storendra, åre i vatn og kubjelle. Det har slått godt an hjå ungane i Hovet og Hemsedal.</li> <li>- Etter avtale med Boksmia, tek Eva seg av salet av PG. I perioden 12.-20.6.14 var omsetninga 83 bøker: 40 i kvar av kommunane Hol og Ål, á kr. 220.-, og 3 bøker á kr. 280 i kulturkyrkja. Kr. 140 pr. bok går til Boksmia, resten til OSS. Boksmia fakturerer bøker seld til kommunene. Heile opplaget er på 850 bøker. Pr. dd er omkring 340 av dei selde.</li> </ul>	<p>Britt-Mari tek CD-ane til bokhandlarane.</p> <p>Eva gjer reklame for dei på <a href="http://www.olavslettoselskapet.no">www.olavslettoselskapet.no</a></p> <p>Kruset er no plassert i Olav Sletto-rommet.</p> <p>Styret drøftar dette.</p> <p>Eva følgjer opp etterspurdnad om foredrag om Anne.</p> <p>Foredrag om PG følgjer Eva opp saman med Brit K.</p> <p>Eva følgjer opp med sal til dei andre kommunane i Hallingdal – og seinare i Valdres.</p>
3.	Eventuelt – ingen saker	